



Saksbehandlar: Endre Høgalmen, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 16/4429-1

### **Gulen og Masfjorden Utvikling as - styremedlem**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

#### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

Som fylkeskommunen sitt styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling as vert peika ut:

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn og saksopplysningar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig vel 22 % av aksjane i Gulen og Masfjorden Utvikling/GMU. Selskapet skal legge til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og vere ein pådrivar og koordinator for å medverke til lønsame arbeidsplassar.

Styret i GMU vert valt for eitt år om gongen. Etter generalforsamling i 2015 er styret samansett slik: Marit Austgulen Wick (styreleiar for 2015), Karstein Totland (nestleiar for 2015), Irene K. Wergeland, Hallvard Oppedal, Gøril Sætre, Simen Wilberg og Bjørn Falck Russenes. Den sistnemne er fylkeskommunen sitt styremedlem, som er peika ut av fylkeskommunen.

### **2. Vurderingar**

Vi legg vekt på å sikre ei god kopling mellom fylkeskommunen sitt næringsarbeid og GMU si verksemd. Russenes var tilsett i næringsadministrasjonen i fylkeskommunen, og tok seg av vervet som styremedlem i GMU også etter at han vart pensjonist. Vi meiner at det bør peikast ut ein person som har sitt daglege virke innan næringsutvikling, nettopp for å sikre den nemnde koplinga mellom den operative innsatsen som føregår i Nærings- og kulturavdelinga og i GMU. Vi rår hovudutvalet til å velje ein person som er tilsett i dagens Nærings- og kulturavdeling, og fylkesdirektøren vil presentere eit forslag i møtet 31.mai.

**... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑**